Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 10.03.2023 |
| **Vår referanse** | 2022/81967-9 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Tone Bøyum |
| **E-post** | Tone.Boyum@vlfk.no |
| **Telefon** | 47781807 |

SVENN HAUGE
MYKINGVEGEN 761
5913 EIKANGERVÅG

# Løyve - Avkøyrsle - Fv. 5464 - Mykingvegen - gnr. 29 bnr. 3 m.fl - Alver kommune

Vi viser til stadfesting på opparbeidd avkøyrsle datert 31.01.2023.

Av stadfestinga går det fram at avkøyrsla frå fylkesveg 5464 til eigedomen gnr. 29 bnr. 3 er ferdig opparbeidd i samsvar med løyvet vårt datert 09.03.2021.

Vi var på synfaring 21.03.2023. Avkøyrsla er bygd slik det går fram av vårt vedtak, og vi gjev med dette endeleg godkjenning til bruk av avkøyrsla.

Eit vilkår for løyve til ny avkøyrsle er at dagens avkøyrsle lenger nord vert stengt. Avkøyrsla har vore nytta til uttak av massar. Denne bruken må opphøyre. Vi observerte at det er satt opp gjerde for å avgrense avkøyrsla. Vi meiner dette ikkje er tilstrekkeleg, fordi gjerde enkelt kan flyttast. Vi vil presisere at etter dette at avkøyrsla ikkje lenger kan nyttast.

Vi minner om at eigar eller brukar av avkøyrsla sjølv har ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, under dette krav til frisikt (jf. vegloven § 43). Om krava ikkje er oppfylt, kan Vestland fylkeskommune trekke tilbake løyvet.

Løyvet gjeld for tilkomst til gnr. 29 bnr. 3 mfl. Løyvet gjeld for eksisterande bruk (landbruk og bustad) og for eigedomar som er knytt til avkøyrsla jf. søknad. Eventuell ny og endra bruk må omsøkast etter veglova, også for uttak av massar.

Med helsing

**Kari Elster Moen**
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

| | |
|---|---|
| *Vedlegg 1:* | *Krav til utforming* |

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| ALVER KOMMUNE | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |


Stengt avkøyrsle
Ny avkøyrsle
5464
761